



Notat

Til: Knut- Arve Kartveit, Toska Maskinstasjon ANS

Kopi til: Knut Kartveit, Teknisk drift v/Einar Førø

Saksbehandler: Teknisk drift/Tore Rikstad

Vår referanse: 14/2477 - 12 / FA - M21, HistSak - 08/533

Dato: 23.06.2015

Emne: Ringleidning Ulvatn-Kartveit -Kolstad - sluttarbeider gnr. 55, bnr.2 - notat etter synfaring 23.06.15

Til stades: For grunneigar gnr. 55, bnr 2: Knut Kartveit
For Toska Maskinstasjon ANS: Ove Toska
For Radøy kommune: Einar Færø og Tore Rikstad

Bakgrunnen for synfaringa er grunneigar sine merknader til utført arbeid/ferdigstilling framkomen i brev av m.a. 01.11.14 og 24.11.14 samt seinare telefonsamtalar.

Det kom fram følgjande merknader:

- Under anleggsperioden vart vegskråningen på landbruksveg ned til myr mot Ulvatn uvida og forsterka. Grunneigar krev opprydding /utjamning/jord av skråningen og fjerning av overskotsstein frå eigedommen. Gjeld og overskotsstein samla i ei steinrøys.
- Øverste stikkgrøft utformast slik av vatn som følgjer vegrøfta mest mogleg vert leda inn i denne.
- Det vart anmerka at rør i nederste stikkgrøft i enden av vegen var for liten og låg for høgt.
- Synleg markert oppsamling /vassdam i myr i mindre del av grøftetrase. Her må grøft opnast og overvatnet ledast inn i grøftas drenering/overvassrør. Likeeins vert det laga dreneringsgrøft mellom nemnde vassdam og nederste stikkgrøft på vegen.
- Oppreinsking i open grøft mellom nederste stikkgrøft i veg langs fjellskråning eit stykke mot VK1. Grunneigar ønskjer at grøfta vert lagd i røyr/drenering og påfylt.
- Det vart registrert lite tilfylling av jord rundt VK1.

Avtalt frist for ferdigstilling seinast 15.august 2015.

Tore Rikstad
